

Noreg treng ein stor auke i forskningsbudsjetta

I Forskningsrådets budsjettinnspel tilrår vi regjeringa å auke den offentlege FoU-innsatsen til minst 1,2 prosent av BNP for å utløyse meir forskning og innovasjon av høg kvalitet for auka nasjonal tryggleik og rask omstilling. For å gi satsinga kraft, fart, retning og kopling tilrår vi å auke den konkurranseutsette delen av forskinga til 30 prosent.

PUBLISERT 5. NOV. 2024 | OPPDATERT 3. JAN. 2025

Det er Forskningsrådets styre som sender tilrådingane til Kunnskapsdepartementet.

– Både Draghi-rapporten og Perspektivmeldinga legg vekt på dei enorme omstillingsbehova vi står i og som vil bli endå større i framtida. I tillegg til store utfordringar for verdiskaping og konkurransekraft, står Noreg overfor eit nytt trussel- og risikobilete som er samansett og som grip inn i alle sektorar. Skal Noreg få til den nødvendige omstillinga raskt nok til å møte utfordringane, må den offentlege FoU-innsatsen over tid aukast til minst 1,2 prosent av BNP for å utløyse meir forskning og innovasjon av høg kvalitet for auka nasjonal tryggleik og rask omstilling, seier styreleiar i Forskningsrådet Gunnar Bovim.

Ein offentlig del på 1,2 prosent av BNP vil utgjere ein vekst på om lag 12 milliardar kroner samanlikna med gjennomsnittet for åra 2019–2023. Her er fleire endringar i utfordringsbiletet som viser at det er avgjerande å satse meir på forskning og innovasjon i Noreg:

- behova for FoU knytt til nasjonal tryggleik og beredskap er forsterka, med tilhøyrande behov for å utvikle eit heilskapleg forskningssystem for open, skjerma og gradert forskning
- målet om at næringslivets del av FoU-innsatsen skal vere 2 prosent av BNP
- behovet for auka kapasitet til tungrekning
- personellkrise og utviklinga av offentlig sektor
- klima- og naturkrise

I budsjettinnspelet blir det også foreslått at ved vekst i dei generelle FoU-budsjetta, bør Forskningsrådets del av dei offentlege utgiftene over tid aukast til 30 prosent. Dette vil innebere at konkurransearenaene vil styrkjast betydeleg og dermed auke moglegheitene til å rette innsatsen inn mot omstillings- og kunnskapsbehovet i samfunnet.

– Forskingsfinansiering gjennom Forskningsrådet sikrar at det er dei beste prosjekta som får støtte, og at investeringane gir kraft, fart, retning og kopling, seier administrerande direktør i Forskningsrådet Mari Sundli Tveit.

– Verda er i endring og kunnskap er heilt avgjerande for at vi skal klare å møte dei utfordringane vi står overfor. Men då må vi heve ambisjonsnivået og satse på forskning og innovasjon, seier Sundli Tveit.

- [Les budsjettinnspelet frå Forskningsrådet her](#)

Meldinger ved utskriftstidspunkt 14. juni 2025, kl. 00.56 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.